



Kaare Skaala med ein av dei gode medhjelparane - Bjørgulf Eik frå Uskedalen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Boka om setrar og stølar i Kvinnherad vart slept av utgjevaren Kvinnherad Mållag i Rosendal i kveld og som mållaget sjølv slår fast er det ei velskriven og oversiktleg bok.

Den inneheld 255 sider kompakt stoff sjølv om Aslaug Eik under sleppet slo fast at dei er 2 generasjonar for seint ute med boka.

Kaare Skaala (76) har vore redaktør og teikna eit historisk bakteppe for stølane i kommunen - eller setrane som er merkelappen han likar best Boka er til sals frå i dag i begge bokhandlane.

Den siste som hadde seter i drift slutta av i 1968, men kor mange setrar hadde det då vore i kommunen? Ein tidlegare historikar opererte med noko under 100, men Skaala og hans informantar er heilt oppe i 200 og det talet forklarar Skaala for uskedalen.no med kommuneutviding og flytting av setrar.

Ein betydeleg andel av seterdrifta har funne stad her i Uskedalen der Kristian Olav Bringedal, Bjørgulf Eik, og Ståle Eik har vore medhjelparar med stoffet. Det er i det heile ein stor og imponerande stab som har vore i arbeid, kanskje for ein større sum enn dei 150 000 kroner som mållagsleiar Bringedal opplyser til uskedalen.no at prosjektkostnaden ligg på. Ein tredel av denne summen er sponsa midlar. Jobben er ellers gjort på imponerande stutt tid, dette er ein kulturell dugnadsinnsats det står stor respekt av.

På dei rundt 15 sidene med stoff frå Uskedalen kan ein mellom anna lesa at utnyttinga av fjellområda hos oss tok slutt i 1850-åra og frametter. Grunnene kan vera mange, mellom anna at det vart trongt om plassen mellom vår dal og Omvikdalen i tillegg til rasjonaliseringa i jordbruket som innebar leveranse til meieria frå oppunder århundreskiftet.

Positivt er det å lesa om den store restaureringsjobben som er gjort på Vatnastøl og som er eit døme for andre. Ein opplysning som sikkert ikkje er kjend for alle er dei 5 murane i Hauglandslio, Dei mange faktiske opplysningane er krydra med meir lausslupne stubbar som gjer lesnaden meir spennande.

Kaare Skaala er ingen ung mann og den jobben han har gjort med denne boka er eit nytt døme på at alder ikkje er nokon hindring. Og det stoppar ikkje no. Han fortel til oss at han har både dikt og noveller på lager. Og snart tar han fatt på 100-årsboka om kyrkja i Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen